



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 23.02.2016
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/16	Orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger - oppfølgingsarbeid		2015/135
PS 4/16	Orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon om internkontroll		2014/226
PS 5/16	Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskap		2016/48
PS 6/16	Presentasjon av arbeid med interimrevisjon 2015 Samnanger kommune		2016/38
PS 7/16	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming		2015/131
PS 8/16	Overordna analyse og plan for selskapskontroll - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming		2015/65
PS 9/16	Forslag til kurs i regi av Deloitte		2014/426
PS 10/16	Kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune		2016/46
PS 11/16	Vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2016 for Samnanger kommune - Konsekvensar		2016/37
PS 12/16	Møteplan for kontrollutvalet i 2016		2016/14
PS 13/16	Referatsaker		
RS 1/16	Førebels rekneskap for kontroll og tilsyn for 2015 og budsjett for 2016		2016/37
RS 2/16	Klage, anke på vedtak i kontrollutvalsmøte 26.11.15		2015/39
RS 3/16	Svar til Jan Ove Haga på klage / anke		2015/39
RS 4/16	Samnanger kommune - rasfarleg mur ved kommunal vassleidning		2015/39
PS 14/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 15/16	Eventuelt		
PS 16/16	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Arbeidsmøte		2014/238

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 040
Arkivnr: 2015/135-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	3/16	23.02.2016

Orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger - oppfølgingsarbeid

Samandrag

I sitt møte 25.11.15 fekk kontrollutvalet framlagt rapport frå tilsyn med NAV Samnanger som referatsak. Det vart gjort slikt vedtak:

«Utvalet ber om at det vert førebudd orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger, og korleis pålegg vert følgd opp av kommunen.»

Det er sendt førespurnad til rådmann om det let seg gjera å få orientering om arbeid med å følgja opp dei pålegga som Fylkesmannen hadde etter tilsynet. Sekretariatet har motteke melding tilbake om at rådmann og NAV-leiar Magne Djuvik kan møta i kontrollutvalet og gje orientering i saka.

Rådmann har vidare sendt over dokumentasjon på korleis kommunen arbeider med dette:

- Rapport etter tilsynet, datert 09.11.15
- Følgjebrev ved oversending av rapporten, datert 09.11.15
- Brev til Fylkesmannen om tilbakemelding på avvik, datert 20.01.16, frå Samnanger kommune
- Vedlegg til dette brevet:
 - Rutinar for økonomisk sosialhjelp for NAV Samnanger
 - Skjema for avvik HMT
 - Rutine for avvikshandtering (knytt til prosedyrar)
 - Skjema for avvik (knytt til prosedyrar)
- Svarbrev frå Fylkesmannen på brevet om oppfølgingsarbeid

Orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger vert med dette lagt fram for kontrollutvalet. Som vedlegg til saka vert rapporten etter tilsynet og korrespondansen med Fylkesmannen lagt. Dei øvrige dokumenta vert vert å leggja fram og evt. gjennomgått i møtet.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjon om oppfølgingsarbeid etter tilsyn med NAV Samnanger til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Rapport frå tilsyn med NAV Samnanger kommune m/følgjebrev
- Svarbrev frå Samnanger kommune til Fylkesmannen om tilbakemelding på avvik
- Brev frå Fylkesmannen til Samnanger kommune vedr. oppfølging av tilsyn



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato

Dykkar dato

Vår referanse

2015/9798 622

Dykkar referanse

Rapport frå tilsyn med Nav Samnanger kommune

Adressa til verksemda: Tyssevegen 217, 5650 Tysse
Tidsrom for tilsynet: 13. og 15. oktober 2015
Kontaktperson i verksemda: Tone Ramsli, rådmann

Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte 13. og 15. oktober 2015 tilsyn med Nav Samnanger kommune.

Tilsynet omfatta tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år. Vi undersøkte om kommunen gjennom si styring og leiing sørgjer for at tenestene er tilgjengelege for personar mellom 17 og 23 år, og at tildeling og oppfølging av tenestene er forsvarleg.

Det blei avdekt manglar i styringa av tenestene og påpeikt to avvik:

Avvik 1:

Samnanger kommune har ikkje rutinar for kva som skal kartleggast ved søknadar om økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing frå personar mellom 17 og 23 år. Det er ikkje avklart kva som skal dokumenterast ved kartlegginga og ved oppfølging av brukarar

Avvik 2:

Leiinga i kommunen har ikkje etablert eit system for å fange opp og handsame svikt (avvikshandtering) som kan oppstå i arbeidet med tildeling og oppfølging av tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år.

Dato: 9. november 2015

Hilde Ordemann
revisjonsleiar

Marta Havre
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	3
2. Omtale av verksemda	3
3. Gjennomføring	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn	4-5
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	5
7. Regelverk	5
8. Dokumentunderlag	5
9. Deltakarar ved tilsynet	6

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Nav Samnanger kommune 13. og 15. oktober 2015. Tilsynet er ein del av eit landsomfattande tilsyn med desse tenestene og den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i Hordaland dette året.

Fylkesmannen i Hordaland er gitt mynde til å føre tilsyn med dei kommunale tenestene i Nav kontora. Det går fram av lov om sosiale tenester i Nav § 9.

Formålet med tilsynet er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei områda tilsynet omfatta
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under tilsynet og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.

2. Omtale av verksemda

Samnanger kommune har omlag 2400 innbyggjarar.

Samnanger kommune er organisert med to nivå, administrasjonen og tenestenivået. I administrasjonen er det ei rådmannsgruppe samansett av rådmann, fire sektorleiarar og ein stab. Tenestenivået er inndelt i 10 einingar med einingsleiarar med ansvar for avdelinga / tenestområdet. Sektorleiar for helse og omsorg har i rådmannsgruppa ansvar for oppfølginga av dei kommunale tenestene i Nav.

Nav Samnanger har 3,4 årsverk fordelt på fire personar. Tre av dei tilsette arbeider både med statlege og kommunale oppgåver. Navleiar er kommunalt tilsett, og har avgrensa delegert ansvar og mynde for tenestene, med rådmann som sin nærmaste overordna.

Arbeidsoppgåvene tilsynet omfatta, vert for tida ivareteke av to sakshandsamarar. Det er utarbeidd skriftlege rutinar, men leiar meiner det er behov for fleire og meir omfattande skriftlege rutinar. Det er ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for kva som skal kartleggast ved søknad og kva det er nødvendig å dokumentere ved handsaming av søknadar og ved oppfølging av brukarar.

3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Melding om tilsyn blei sendt 13. juli 2015.

Opningsmøte blei halde 13. oktober 2015.

Under tilsynet blei seks personar **intervjua**.
Sluttmøte blei halde 15. oktober 2015.
Stikkprøver blei gjennomført i 20 saker.

Oversikt over deltakarar ved tilsynet, dokument som vi fekk frå Samnanger kommune før tilsynet og dokument som blei gjennomgått under tilsynet, er gitt i kapittel 8.

4. Kva tilsynet omfatta

Tema for tilsynet var på kva måte tenestene sikra opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år. Vi undersøkte om kommunen systematisk sørgjer for at tenestene er tilgjengelege for unge mellom 17 og 23 år, at tildeling av tenestene er i samsvar med lova, og at oppfølginga av dei unge som mottar tenestene er forsvarleg. Vi kontrollerte om det vart gitt informasjon om tenestene på nettsidene til kommunen og Navkontoret. I tillegg til generell informasjon, undersøkte vi om det blei lagt til rette for individuell informasjon til dei som tok kontakt.

For å sjå om kommunens gjennom si styring sikra at tildeling, vurdering og avgjerd av tenestene oppfylte lovas krav, gjennomgikk vi saksdokumenter og journalar for eit utval av unge brukarar mellom 17 og 23 år. Vi har også gjennomgått tilsendte styringsdokumenter og intervjua tilsette og leiarar.

Vi har undersøkt om kommunen systematisk overvaker og går gjennom styringssystemet (internkontrollen) for å sjå om den fungerer slik kommunen har planlagt og såleis bidrar til kontinuerlig forbetring.

Rapporten handlar berre om ein del av Nav Samnanger si verksemd, og er derfor ikkje ei samla vurdering av dei sosiale tenestene ved Navkontoret.

5. Funn

Avvik 1:

Samnanger kommune har ikkje rutinar for kva som skal kartleggast ved søknadar frå personar mellom 17 og 23 år om økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing. Det er ikkje avklart kva som skal dokumenterast ved kartlegginga og ved oppfølging av brukarar.

Avvik frå:

Sosialtenestelova §§ 4, 17,18 og 19, 41, jf. § 5 jf. internkontrollforskrifta § 4 g) og forvaltningslova §§ 24 og 25.

Avviket byggjer på:

- Leiinga har ikkje bestemt korleis kommunen sin praksis skal vere ved kartlegging og oppfølging. Dette gjeld både kva som skal kartleggast og korleis kartlegginga og oppfølginga skal dokumenterast.
- Stikkprøver i fagsystemet Socio viser at det med få unntak, ikkje er dokumentert kva kartlegging som er gjort i den enkelte sak og heller ikkje kva oppfølginga i saka omfattar. Vi gjekk ikkje gjennom saker der det var dokumentert at brukar sin heilskaplege situasjon var kartlagt.
- Vurderingar som blir gjort i samtaler med klientar blei i liten grad dokumentert.
- Det er ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for kva ein minimum skal kartlegge og kva oppfølginga av brukarane skal omfatte.

Avvik 2:

Leiinga i kommunen har ikkje etablert eit system for å fange opp og handsame svikt (avvikshandtering) som kan oppstå i arbeidet med tildeling og oppfølging av tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år.

Avvik frå:

Sosialtenestelova §§ 4, 17,18 og 19, 41, jf. § 5 jf. internkontrollforskrifta § 4 f) og g) og forvaltningslova §§ 24 og 25.

Avviket byggjer på:

- Det er ikkje tatt stilling til kva som skal reknast som eit avvik innanfor temaet tilsynet omhandla
- Leiinga har ikkje fastsett praksis for melding og handsaming av avvik
- Leiinga har ikkje oversikt over, og har heller ikkje følgd opp forhold som er avdekka under tilsynet, jf. avvik 1.
- Leiinga er merksam på at rutinane for sakshandsaming er mangelfulle, men har hittil ikkje sett inn tiltak for å rette opp.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Styring med tenestene (internkontroll) føreset at leiarar har fastsett kva praksis og rutinar som skal følgjast, følgjer med på at dette fungerer som føresett, fangar opp svikt og set i verk førebyggjande og korrigerande tiltak når dette er nødvendig. Det er avdekt fleire manglar ved styringssystemet i Samnanger kommune innanfor temaa tilsynet omfatta. Kommunen ved rådmann har ikkje i tilstrekkeleg grad lagt til rette for at dei tilsette kan yte tenester som oppfyller krav i sosialtenestelova.

Leiinga har ikkje vurdert praksis for kartlegging og oppfølging og kva rutinar som skal følgjast i dette arbeidet. Leiinga har heller ikkje oversikt over svikt som kan oppstå i arbeidet med tildeling og oppfølging av tenestene, og det er ikkje sett i verk systematiske tiltak for å gjennomgå kvaliteten på tenestene.

7. Regelverk

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18.12.2009 nr. 131
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10.2.1967
- Forskrift til forvaltningsloven av 15.12.2006 nr. 1456
- Forskrift om rammer for delegering mellom stat og kommune om oppgaveutførelsen i de felles lokale kontorene i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Forskrift om internkontroll i arbeids- og velferdsforvaltningen av 19.11.2010 nr. 1463
- Rundskriv nr 35 frå Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- Rettleiar til sosialtenesteloven § 17 frå Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- Rundskriv A-1/2015.

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over ved førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart Samnanger kommune
- Delegering av mynde, kommunale oppgåver Nav

- To brev frå Samnanger kommune til Nav-Bjørnefjorden vedkomande felles leiar ved Nav Samnanger
- Samarbeidsavtale mellom Samnanger kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland 2015
- Samarbeidsavtale mellom Samnanger kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland 2012
- Delegasjonsfullmakt frå Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland til Nav Samnanger vedkomande Nav-lova § 14 a.
- Oversikt over personell i Nav
- Økonomisk sosialhjelp Nav Samnanger, Rettleiande satsar og retningsliner for utbetaling, gjeldande frå 01.03.15
- Liste med oversikt over vedtak om økonomisk stønad
- Kopi av siste 20 vedtak med tilhøyrande søknader for aldersgruppa 17-23 år

Dokumentasjon som vart gjennomgått i samband med tilsynet:

- Stikkprøver i 20 saker

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Hordaland:

- E-post med planlegging og avtalar knytt til gjennomføring av tilsynet, under dette program for tilsynet.

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over intervjuar.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Magne Djuvik	Navleiar	X	X	X
Hilde Engjom	Sosialkonsulent	X	X	X
Lisbeth Aadland	Rettleiar	X	X	X
Sonja Irene Kvamme	Rettleiar	X	X	
Grete Lill Hjartnes	Sektorleiar Helse og omsorg	X	X	X
Tone Ramsli	Rådmann	X	X	

Frå Fylkesmannen deltok:

Marta Havre, Birthe Lill Christiansen, Kristina Munkejord og Hilde Ordemann, tilsynsleiar



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato
09.11.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/9798 721.0
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Oversending av rapport etter tilsyn

Fylkesmannen i Hordaland viser til utkast til rapport av 26. november 2015 og tilbakemelding frå Nav-leiar 6. november.

Vedlagt er rapporten frå tilsynet 13-15. oktober. Vi undersøkte om Samnanger kommune ved systematisk styring og leiing har lagt til rette for at tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år er tilgjengelege og at tildeling og oppfølging av tenestene er forsvarleg.

Rapporten er vedlagt. Slik det går fram av denne, vart det avdekt svikt i styringa med tenestene som tilsynet var avgrensa til. Det er påpeikt to avvik frå krav i sosiallovgevinga.

Vi ber om at Samnanger kommune sender oss ein tidfesta plan der det går fram kva tiltak som blir sett i verk for å rette avvika og korleis tenesteleiar og kommunens administrative leiing vil følgje med på at tiltaka fungerer som føresett. Fristen for å sende oss planen er sett til 31. januar 2016.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Hilde Ordemann
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep. 0032 OSLO



Fylkesmannen i Hordaland v/ Hilde Ordemann

Vår referanse:
09/364/16/589/HO/GLH

Arkivkode:
FE-024

Dykkar referanse:

Dato:
20.01.2016

TILSYN NAV SAMNANGER 13. OG 15.OKT 2015
TILBAKEMELDING PÅ AVVIK

Syner til rapport frå tilsyn med NAV Samnanger kommune.
Det er i rapporten meldt om to avvik.

Avvik 1:

Samnanger kommune har ikkje rutinar for kva som skal kartleggjast ved søknadar om økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing for personar mellom 17 og 23 år. Det er ikkje avklart kva som skal dokumenterast ved kartlegginga og oppfølging av brukar.

Samnanger kommune har no laga eit hefte med rutinar for økonomisk sosialhjelp (Vedlegg). Her er informasjon/rutinar for sakshandsaming, satsar, kva ein kan få støtte til, klageadgang mm. Rutinen er utarbeidd av sakshandsamar og leiarar.
Rutinen vert lagt ut på Intranett og vera lett tilgjengeleg for tilsette og leiarar.

Avvik 2:

Leiinga i kommunen har ikkje etablert eit system for å fange opp og handsame svikt (avvikshandtering) som kan oppstå i arbeidet med tildeling og oppfølging av tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år.

Samnanger kommune har mal for avvikshandtering knytt til prosedyrar/rutinar (vedlegg). Dette systemet har me tilpassa til bruk på NAV Samnanger. Det vert felles opplæring/gjennomgang på dette 02.02.16.

Tillegg:

I tillegg har me eit felles system for avvik knytt til HMT. Dette vil tilsette få opplæring på 02.02.16 samt få informasjon om kvar ein finn denne prosedyren.

Sektorleiar for helse og omsorg har faste møter med einingsleiar NAV. Eit av dei faste punkta i desse samtalaner er avvik knytt til prosedyrar og HMT.

Med helsing

Grete Lill Hjartnes
sektorleiar helse og omsorg

Vedlegg; Rutinar, Avvik HMT, Avvik prosedyrar og skjema for avvik.



SAMNANGER KOMMUNE
Rådmannskontoret



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato
21.01.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/9798 721.0
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Oppfølging av tilsyn 2015 - Nav Samnanger kommune

Vi viser til tilsyn med tema opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år. Vi viser vidare til rapport utarbeidd etter tilsynet og til brev frå kommunen datert 20. januar 2016.

Det går fram av brevet at kommunen har utarbeidd nye skriftlege rutinar, desse var lagt ved brevet. Vi har ingen merknadar til rutinane. Vi kan ikkje sjå at det er tatt opp i brevet eller går fram av rutinen kva som skal dokumenterast ved kartlegging og oppfølging av brukar. Vi ber om en orientering om kommunen har tatt stilling til dette og korleis det skal gjerast.

Vi ber om å få tilsendt kommunen si evaluering av dei tiltak som er sett i verk for å rette opp i avvika når den ligg føre.

Frist for å sende oss evaluering og nemnde orientering er sett til 31. april 2016.

Med helsing

Øystein B Jacobsen
seksjonsleiar

Hilde Ordemann
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2014/226-19
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/16	23.02.2016

Orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon om internkontroll

Bakgrunn

Som bakgrunn for saka vert det her teke med litt historikk for dette forvaltningsrevisjonsprosjektet i Samnanger kommune. Dette er klipp frå saksframlegget då saka var oppe til handsaming i kontrollutvalet 16.09.15:

«Kontrollutvalet vedtok alt i 2012 at det skulle gjennomførast prosjekt med å sjå på internkontroll i Samnanger kommune. Vedtak vart fatta i møte i kontrollutvalet i november 2012, og intensjonen var at arbeidet med forvaltningsrevisjonen skulle starte opp våren 2013. Men så kom sak vedr. barnevernstenesta opp, og kontrollutvalet valte å venta med å setja i gang prosjektet ut ifrå både kapasiteten til administrasjonen, og faren for at arbeid med forvaltningsrevisjonen skulle «tråkka inn i» det prosjektet ein såg var i ferd med å bli sett i gang av kommunestyret.

Prosjektet blei vurdert på nytt hausten 2014. Kontrollutvalet meinte dette framleis var eit viktig prosjekt å få gjennomført forvaltningsrevisjon innan, og utvalet gjorde slikt vedtak i sak 26/14., i møte 01.10.14:

1. *Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «Intern kontroll og organisering» i Samnanger kommune.*
2. *Deloitte blir bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar som utvalet har gjeve.*
3. *Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.*

Det vart sett slike føremål og problemstillingar for forvaltningsrevisjonen:

Føremålet med prosjektet er å undersøke korleis Samnanger kommune sikrar tilfredsstillande internkontroll i verksemda. Internkontroll er ein prosess som skal gi rimeleg tryggleik for at ein organisasjon når sine mål, og som sikrar ei effektiv drift, påliteleg finansiell rapportering og etterleving av lovar og reglar.

Revisjonen vil særleg undersøkje om kommunen etterlever lovpålagte krav knytt til internkontroll både på overordna og sektorovergripande nivå, innanfor utvalde støtteprosessar og innan utvalde tenester. Følgjande problemstillingar vert undersøkt:

Overordna internkontroll

1. I kva grad har kommunen etablert eit overordna system for internkontroll?
 - a) I kva grad er det etablert eit felles system (kvalitetssystem) for internkontroll i kommunen?
 - b) I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane?
2. I kva grad har kommunen arbeidd for å utvikle eit godt kontrollmiljø?
 - a) I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?
 - b) Har kommunen etablert føremålstenlege etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?
 - c) I kva grad har kommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?
 - d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?
3. I kva grad er det på overordna nivå i kommunen etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?
4. Korleis blir risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?
5. I kva grad har kommunen etablert kontrollaktivitetar som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer kommunen sine krav og retningslinjer?
 - a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?
 - b) I kva grad er det etablert eit felles system for å dokumentere skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?
 - c) I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?
 - d) Har kommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?
6. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor kommunen sine einingar?

Internkontroll i støtteprosessar

7. Har kommunen system og rutinar som sikrar etterleving av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT)?
8. Har kommunen system og rutinar som sikrar etterleving av krav til internkontroll for elektronisk lagra personopplysningar, (informasjonstryggleik)?

Tenestepesifikk internkontroll

9. I kva grad har kommunen etablert eit system for internkontroll innan barnevernet i samsvar med Forskrift om internkontroll for kommunens oppgåver etter lov om barnevernstenester?
10. I kva grad har kommunen etablert eit system for internkontroll innanfor opplæring i samsvar med Opplæringslova § 13-10?
11. I kva grad har kommunen etablert eit system for internkontroll innanfor helse og omsorg i samsvar med krav til internkontroll i helse- og omsorgstenesta?

Drøfting

Med dette som utgangspunkt har Deloitte gjennomført forvaltningsrevisjon av «Internkontroll» i Samnanger kommune. Rapport etter arbeidet vart levert til sekretariatet 22.06.2015. Kontrollutvalet fekk rapporten oversendt til gjennomlesing i løpet av sommaren, og saka vert med dette lagt fram for utvalet i møte.

Deloitte har gjennomført prosjektet i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet, og innanfor dei rammene som vart gjeve ved oppstart. Arbeidet med forvaltningsrevisjon av internkontrollen i Samnanger kommune er gjort ut frå det føremålet som er sett, og det er gjeve svar på dei spørsmålstillingar som kontrollutvalet sette. Som metode har Deloitte nytta seg av gjennomgang av ulike kommunale reglement og rutinar og det er

gjennomført intervju med leiinga i kommunen. Oppsummering av intervju er verifiserte, og det er informasjon frå dei verifiserte intervju-referata som er brukt i rapporten.

I kapittel 6 i rapporten kjem Deloitte med konklusjon og tilrådingar til korleis Samnanger kommune kan utvikla internkontrollen sin vidare. Frå konklusjonen vil sekretariatet særleg peika på at:

- ✓ *«Undersøkinga viser at det på enkelte område er innført tiltak, rutinar og praksisar knytt til internkontroll i Samnanger kommune. Likevel er hovudintrykket at internkontrollen er lite strukturert og i mange tilfelle uformell. Kommunen manglar eit overordna system for internkontroll som sikrar toppleiinga tilstrekkeleg informasjon om korleis internkontrollen er ivareteke i dei ulike einingane og prosessane. Dei enkeltområda der revisjonen har avdekka størst avvik frå standardar og lovkrav er internkontroll i barnevernstenesta og internkontroll knytt til informasjonstryggleik.»*

Revisjonen gjev slike tilrådingar til Samnanger kommune:

Overordna internkontroll

1. Gje felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i kommunen og i dei ulike einingane.
2. Sørge for at delegasjonsreglementet er oppdatert og viser til korrekte lovheimlar.
3. Gjennomgå rutinar og reglement og sørge for at dei er oppdaterte.
4. Utarbeide system og rutinar for risikovurderingar og ta i bruk risikovurderingar som eit verktøy for å undersøke regeletterleving, måloppnåing og tenestekvalitet på tvers av område og prosessar i kommunen.
5. Sikre at det nye kvalitetssystemet som kommunen skal innføre understøttar heile internkontrollprosessen, under dette tilstrekkelege funksjonar for:
 - o Dokumentstyring
 - o Avviksregistrering og handtering
 - o Risikovurdering
 - o Oppfølging av internkontroll
6. Leggje til rette for registrering av avviks- og forbetningsmeldingar knytt til alle manglar og avvik frå prosedyrar/regelverk/krav til kvalitet (ikkje berre HMT).
7. Setje krav til korleis og kor ofte einingsleiarar skal gjennomgå etiske retningslinjer med dei tilsette.
8. Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis for handtering av varslings saker.
9. Etablere mekanismar for at kommuneleiing og einingsleiarane føl opp at internkontrollen fungerer gjennom løpande oppfølging, evalueringar og korrigerande tiltak ved avvik.

Internkontroll i støtteprosessar

10. Sikre at risikovurderingar vert nytta meir aktivt og dokumentert betre på HMT-området
11. Gjennomgå rutinar og praksis for avvikshandtering for å undersøke om det er utfordringar med underrapportering av avvik i kommunen.
12. Sikre at leiarar i kommunen gjennomgår opplæring i helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i tråd med Arbeidsmiljølova § 3-5.
13. Sørge for at kommunen har rutinar for, og gjennomfører, ein årleg gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet.
14. Etablere overordna formaliserte rutinar for handsaming av elektronisk lagra personopplysningar og eit styringssystem for informasjonstryggleik som sikrar:
 - At det blir fastsett mål og strategi for informasjonstryggleiksarbeidet.
 - At kommunen har eit fullstendig oversyn over elektroniske behandlingar av personopplysningar.
 - At kommunen gjennomgår alle system og vurderer kor kritiske desse er for drifta i kommunen (kritikalitet).
 - At det blir sett klare akseptkriterium knytt til tilgjenge, konfidensialitet og integritet for informasjonen i systema, og at det blir gjennomført risikovurderingar for alle system og systemendringar som kan ha innverknad på informasjonstryggleik.
 - At det er tilstrekkeleg med brukar rutinar og administrative rutinar knytt til informasjonstryggleik.

- At det blir innført eit system for avvikshandtering knytt til informasjonstryggleik.
- At det blir gjennomført tryggleiksrevisjonar for å forvise seg om at gjennomførte tiltak/kontrollar fungerer som planlagt.
- At det blir innført rutinar for fast leiingsoppfølging av informasjonstryggleiken i kommunen.

Tenestespesifikk internkontroll

15. Etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, herunder sørge for å få skriftleggjort og dokumentert system, rutinar, oversikter mv. i barnevernet
16. Etablere «forsvarleg system» (internkontroll) i skulane for å sikre at krava til opplæringslova og tilhøyrande forskrifter blir følgt opp.
17. Sørge for at rutinar i pleie- og omsorgseininga er ferdigstilte, oppdaterte og er i tråd med Samnanger kommune sitt dokumentstyringsystem, samt at det blir utarbeidd rutinar for og gjennomført jamlege risikovurderingar knytt til kvaliteten i tenestene.

Konklusjon

Kontrollutvalet bør i si innstilling tilrå at kommunestyret ber rådmann om å syta for at dei tilrådingane som er gjeve vert følgt opp. Dette er eit arbeid som må strekka seg over tid, og utvalet bør også tilrå at kommunestyret ber rådmann om å laga ein handlingsplan. Ein slik plan må visa kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»

Kontrollutvalet vedtok i møte 16.09.15 å gjera slik innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune.

«Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestespesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.
6. Laga ein handlingsplan innan 01.01.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»

Det vart gjort ei endring i innstillinga frå kontrollutvalet, og det var at frist for å laga handlingsplan for oppfølging vart sett til 01.02.16. Kommunestyret slutta seg ellers til innstillinga frå kontrollutvalet i sitt møte 14.10.15.

Oppsummering

Sekretariatet har nå sendt førespurnad til rådmann om å få ei orientering om arbeidet med oppfølging av vedtaket som kommunestyret gjorde vedr. rapport etter forvaltningsrevisjon om internkontroll. Rådmann opplyser at i samråd med ordførar vert det lagt opp til å laga ei orienteringssak til kommunestyremøte 03.03.16. Rapporten om oppfølgingsarbeidet er i ferd med å bli klar, og den kan truleg leggjast fram for kontrollutvalet i dette møtet. Ellers vil rådmann koma i kontrollutvalsmøte og orientera om dette arbeidet, og kontrollutvalet kan stilla spørsmål om ting ein eventuelt vil ha utdjupa meir.

Forslag til vedtak

Orienteringssaka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/48-1
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	5/16	23.02.2016

Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskap

Bakgrunn

Frå siste møte i kontrollutvalet, 25.11.15, er det ført i protokollen:

«Det vart teke opp at til neste møte vil kontrollutvalet at det vert førebudd orienteringssak om rutinar for å utarbeida prosjektrekneskapar i kommunen. Sekretariatet etterspør slik orienteringssak hjå rådmann.
Vedtak: Sekretariatet førebur orienteringssak om prosjektrekneskap til neste møte.

Det er sendt mail til rådmann med førespurnad om orientering i saka, og det er gjeve tilbakemelding om at det er i orden.

I Samnanger kommune sitt Økonomireglement står det m.a.:

5.2 Prosjektrekneskap

Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektrekneskap (byggerekneskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggst fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridingar, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridingar som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtakast av kommunestyret.

Ved overskridingar skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.»

Orientering til kontrollutvalet

Kontrollutvalet bør få informasjon om korleis det vert arbeidd med å tilrettelegga for prosjektrekneskapar ut frå det som står i Økonomireglementet. Rådmann opplyser at det er utarbeida eit utkast til prosjektstyring,

som er til drøfting i rådmannsgruppa. Rådmann opplyser vidare at malen skal nyttast for byggerekneskap for sjukeheimen. Kontrollutvalet bør få orientering om korleis dette vert arbeidd med, og utvalet bør få stilla spørsmål om det er eventuelle ting ein vil ha utdjupa.

Forslag til vedtak

Orienteringssaka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/38-3
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	6/16	23.02.2016

Presentasjon av arbeid med interimsrevisjon 2015 Samnanger kommune

Bakgrunn

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Samnanger kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting:

Revisjonsplan vert, til vanleg, lagt fram for kontrollutvalet på det første møte på hausten. Revisjonsplanen gjev informasjon til kontrollutvalet om rekneskapsrevisjonen så langt i året. Deloitte la fram revisjonsplan i møte i kontrollutvalet 16.09.15. I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det. Presentasjonen ligg ved. Revisjonsplanen som vart presentert i møte 16.09.15 ligg og som vedlegg.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjon 2015 frå Deloitte til orientering.

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2015 frå Deloitte til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Oppsummering av interimrevisjon 2015
- Revisjonsplan Samnanger kommune 2015

Samnanger kommune


Oppsummering interimsrevisjon

Møte i kontrollutvalget februar 2016



Risikovurdering Samnanger kommune

Presentert og diskutert i kontrollutvalgsmøte 16.09.15



Tidsplan

	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Juni	Juli
Oppstartsmøte											
Interimsrevisjon											
Årsoppgjørrevisjon											
Attestasjonsoppgaver											
Møter med kontrollutvalg											
Møte i kommunestyre											

Revisjonshandlinger i interim knyttet til risikovurdering

- **Ingen endring i planlagte revisjonshandlinger**
- **Inntekter**
 - Gjennomgang av rutiner for utfakturering
 - Andre overføringsinntekter
 - Salgs- og leieinntekter
 - Eiendomsskatt
- **Innkjøp**
 - Gjennomgang av rutiner
 - Stikkprøvekontroll av bilag både for drift og investering
- **Lønn**
 - Gjennomgang av rutiner
 - Reiseregninger



Revisjonshandlinger i interim knyttet til risikovurdering

- Bruk av fond
- Utlån
- Inngående balanse
- Aksjeinvesteringer og finansreglement
- Kundefordringer
 - Avstemme hovedbok og reskontro
 - Gjennomgang av tapsavsetning



Funn i interimsrevisjonen

Aksjeinvesteringer

Investering i Nordisk Areal Invest AS er brudd med finansreglementet for 2015.



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

This communication contains general information only, and neither Deloitte AS nor Deloitte Advokatfirma AS is, by means of this publication, rendering professional advice or services and shall not be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Okt./Nov.
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter <p>Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.</p>	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des.
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des. Feb.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget om evt. vesentlige funn.	Deloitte	Nov./Des.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor <u>senest fem virkedager før</u> frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er det utsatt frist. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Økonomisjef og Deloitte Økonomisjef og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav. Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.02, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.	Rådmann Rådmann	Frist for avleggelse 15.02 og 31.03.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<p>Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31. mars, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Rådmann</p> <p>Rådmann</p>	
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger datert 15.02, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.02, vil revisors beretning inneholde informasjon om dette.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avlagt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en informasjon om dette. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avlagt.</p>	<p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapsmaterieell mottas innen 15.02. • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Bank	<ul style="list-style-type: none"> Bankavstemming 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer Avkastning på verdipapirer Utlån husbankmidler mm 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> Kundereskontro mot regnskap Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) for fordringer generelt inkl. vurdering av kundefordringer og utlån Kreditsaldoer Periodisering inntekter 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Avsetninger 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> Anleggsregister mot regnskap Aktivering Salg Avskrivninger iht. regelverk Gjennomgang prosjektrengskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere om kommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter Vurdere avsetningene som er gjort 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørreskontro mot regnskap Debetposter Utbetalingskontroll 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver Låneopptak er i samsvar med kommuneloven Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) Rentekostnader Avdrag iht. vektingsregel Oversikt over garantier 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap Kapitalkonto 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av inntekter Skatteinntekter Rammetilskudd 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av utgifter Periodisering iht. anordningsprinsippet Selvkostregnskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av lønnskostnader Kontrolloppstilling over innberettet beløp Feriepenger Pensjon Skattetrekk Arbeidsgiveravgift Sykepengerefusjoner 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15. april
Kontrollutvalget	Økonomisjef og rådmann skal sende årsregnskap inkludert årsberetning til sekretariatet umiddelbart etter ferdigstilling slik at sekretariatet kan forberede sak til kontrollutvalget	Rådmann/ økonomisjef	Umiddelbart etter ferdigstilling, i god tid før møte i kontrollutvalget



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2015/131-5
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	7/16	23.02.2016

Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming

Bakgrunn

I tråd med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon det første året i valperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må sørge for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2016 – 2020
- å gjennomføre ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i kommunen som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 gjelde

På møte i kontrollutvalet 25.11.15 vart det gjort slikt vedtak:

1. «Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16, lage eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Samnanger kommune skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.»

Forslag til prosjektplan er motteke frå Deloitte 15.01.16, og ligg som vedlegg til denne saka. Deloitte har og utarbeida ein framdriftsplan og timebudsjett som vedlegg til prosjektplan. Opplysningar i vedlegget inneheld informasjon som vil vera unnateke offentleggjering iflg. Forvaltningslova § 13. Vedlegget vil såleis ikkje verta sendt ut saman med saka, men vil bli kopiert opp, delt ut i møte og gjennomgått.

Drøfting

Det vert lagt opp til at prosjektplanen vert gjennomgått og drøfta i møtet. Vidare må kontrollutvalet uttala seg til korleis prosessen med å utarbeida plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Merk; at prosjektplanen som er lagt fram er tilbod frå Deloitte om utarbeiding av analysar og planar for både forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Ved å samkjøra arbeidet med desse to planane kan ein spare tid og ressursar ved å ha felles intervjurundar, prosessmøte og liknande.

I prosjektplanen vert det skildra kva utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon vil omfatta. Prosessen med gjennomføring, kva metodar revisor vil bruke og korleis ein kan få til ei brei deltaking og involvering vert og skildra. Det vert og gjort greie for formål og krav til korleis overordna analyse skal utarbeidast. Basert på den overordna analysen legg Deloitte opp til å utarbeida eit utkast til plan for forvaltningsrevisjon.

I vedlegget til prosjektplanen vert framdriftsplan skissert:

«Overordna analyse vil kunne gjennomførast våren 2016. Kontrollutvalet vil då kunne behandle ny plan etter sommaren. Vår tilnærming, som legg opp til ein tett dialog med kontrollutvalet, føreset at kontrollutvalet set av tid til å gjennomføre to prosessmøte, der det vert gjennomført kartlegging av risikofylte område (prosessmøte 1) og prioritering av prosjekt (prosessmøte 2). Nærare fastsetting av tidsfristar vil setjast i samråd med kontrollutvalet.»

Med bakgrunn i forslag til prosjektplan som ligg føre må kontrollutvalet drøfta omfang og gjennomføring av prosessen med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet sluttar seg til forslag til korleis prosess med utarbeiding av overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Sekretariatet rår og til at ramme som er sett for arbeidet vert godkjent.

Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Prosjektplan for overordna analyse og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for Samnanger kommune (vert kun lagt som vedlegg i denne saka).

Prosjektplan | Samnanger kommune

Overordna analysar og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Januar 2016



Innhold

1	Innleiing	3
1.1	Om Deloitte	3
1.2	Forvaltningsrevisjon	4
1.3	Selskapskontroll.....	4
1.4	Deloitte si tilnærming til overordna analyse – involvering og forankring	5
2	Overordna analyse	6
2.1	Analysedokument	6
2.1.1	Analysedokument for forvaltningsrevisjon	6
2.1.2	Analysedokument for selskapskontroll.....	6
2.2	Metodisk tilnærming og involvering av sentrale aktørar	7
2.2.1	Dokumentanalyse.....	7
2.2.2	Statistikk	7
2.2.3	Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase	7
2.2.4	Intervju.....	7
2.2.5	Elektronisk spørjeundersøking	7
2.2.6	Prosessmøte I med kontrollutvalet	8
2.2.7	Prosessmøte II med kontrollutvalet.....	8
3	Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	9
4	Kompetanse og personell.....	10
5	Pris og tidsbruk	13

1 Innleiing

Deloitte ønskjer med dette å gje eit tilbod på gjennomføring av overordna analyser og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

1.1 Om Deloitte

Deloitte Norge er ei av landets leiande tverrfaglege tenesteytande verksemdar med rundt 1300 medarbeidarar. Om lag 135 personar held til ved kontoret i Bergen, som er eit av dei største revisjonskontora og er karakterisert av sterke fagmiljø innan finans, rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, skatte- og avgiftsrådgjeving.

Deloitte har lang erfaring med kommunal revisjon og arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon. Deloitte i Bergen er eit nasjonalt kompetansesenter og har hovudansvar for Deloitte sine leveransar av rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon til kommunal sektor. Deloitte er i dag valt som ekstern revisor for Hordaland fylkeskommune og kommunane Askøy, Bokn, Bømlo, Fitjar, Fjell, Fusa, Hadsel, Haugesund, Hordaland fylkeskommune, Hurum, Karmøy, Klepp, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Luster, Lærdal, Nesna, Rana, Røyken, Samnanger, Stord, Sund, Tysnes og Vaksdal. Tidlegare har Deloitte vore valt revisor for Aurland, Tønsberg, Nøtterøy og Tjøme kommunar. Revisjonsoppdraga omfattar både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Deloitte reviderer også stiftingar og andre typar kommunale/interkommunale verksemdar. For Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bergen kommune har Deloitte rammeavtale på utføring av forvaltningsrevisjon. For dei fleste av ovannemnte kommunane har Deloitte gjennomført, eller er i ferd med å gjennomføre, ein overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon og for plan for selskapskontroll



På oppdrag for Kommunal- og regionaldepartementet utarbeidde Deloitte Kontrollutvalgsboka, som er ein rettleiar i kommunane sine kontroll- og tilsynsoppgåver. Boka er særskild retta mot kontrollutvalet sine oppgåver som kommunestyret sitt kontrollorgan. Dei medarbeidarane som var sentrale i utarbeidinga av boka, inngår i revisjonsteamet som er tilbydd til for dette oppdraget. Teamet har også nyleg gjennomført ei evaluering av kontrollutval og sekretariatstenester for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

1.2 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader, under dette å:

- vurdere om forvaltninga løyser oppgåver i samsvar med kommunestyrets vedtak og føresetnader
- vurdere om ressursbruken og verkemidla til forvaltninga er effektive i forhold til måla som er sette på området
- vurdere om regelverket vert etterlevd
- vurdere om styringsverktøya som kommunen nyttar er hensiktsmessige
- vurdere om avgjerdsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
- vurdere om resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets føresetnader og/eller om resultatata for verksemda er nådde¹

Kontrollutvalet er ansvarleg for å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og for å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Det er krav om å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval går det fram:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.²

Det er eit krav om at plan for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

Formålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er muleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

1.3 Selskapskontroll

Selskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 77 nr. 5. Gjennom selskapskontroll skal ein sjå til at kommunen fører kontroll med sine eigarinteresser, og at dei som utøver kommunane sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med den aktuelle selskapslovgjeving (t.d. aksjelova) og kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon dersom ein finn det nødvendig for å gjere nærare undersøkingar i utvalte selskap.

I følge forskrift om kontrollutvalg § 13 andre ledd skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for selskapskontroll:

Kontrollutvalget skal [...] minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas

¹Forvaltningsrevisjon er regulert i forskrift om revisjon av kommuner § 7. Se også <http://www.revisorforeningen.no/a9497096/forvaltningsrevisjon>

²Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.³

1.4 Deloitte si tilnærming til overordna analyse – involvering og forankring

I prosessen med den overordna analysen og utforminga av planen, legg Deloitte sin metodikk opp til høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Gjennom den nyleg gjennomførte evalueringa av kontrollutvalsarbeid som Deloitte har gjennomført kjem det fram at tett involvering av kontrollutvalet i planprosessen er ein viktig føresetnad for å sikre at kontrollutvalet gjer gode prioriteringar gjennom perioden. Med ei tilnærming der utvalet spelar ein aktiv rolle vil ein sikre at ein får avdekt kva forvaltningsområde og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg, vil høg grad av involvering bidra til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføringa av prosjekta som blir prioriterte i planane.

Vi ønskjer at arbeidet med overordna analyse skal gjennomførast med vekt på:

- Involvering og forankring i administrasjonen
- Involvering og forankring i kommunestyret
- Involvering og forankring i kontrollutvalet

Ei brei forankring og involvering vil sikre følgjande:

- Kontrollutvalet får informasjon om dei sentrale risikoområda i kommunen
- Prosjekta kontrollutvalet vel er dei rette
- Legitimitet for val av prosjekt i kommunestyret og i administrasjon
- Læring og forbetring i administrasjonen
- I tillegg til grunnlag for val av prosjekt vil den overordna analyse også gje innspel til tema som kontrollutvalet kan følgje opp gjennom andre metodar som til dømes orienteringar frå rådmannen.

³ FOR-2004-06-15-905 Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

2 Overordna analyse

Formålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er muleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar og å prioritere mellom ulike område der det kan vere aktuelt å gjennomføre prosjekt.

Den overordna analysen vil avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regleverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko må vurderast innanfor alle kommunen sine tenesteområde og eigarskap. På bakgrunn av risikoanalysen vil det bli utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjons- og selskapskontrollprosjekt, og kontrollutvalet må skjønsmessig vurdere dei ulike områda opp mot kvarandre, og avgjere kva dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.⁴

2.1 Analysedokument

Det vil bli utarbeidd analysedokument i samband med den overordna analysen. Analysedokumenta vil gje eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere prosjekt.

2.1.1 Analysedokument for forvaltningsrevisjon

- Del 1: Innleiing
I denne delen vil vi beskrive arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og utarbeidinga av ein overordna analyse med risiko- og vesentlegvurderingar. Vi vil også beskrive kva metodar som er brukte.
- Del 2: Risikoanalyse
I denne delen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data knytt til kvart tenesteområde, slik at det går fram kva område det er knytt risiko til.
- Del 3: Identifiserte behov for forvaltningsrevisjon
I den siste delen vil vi oppsummere dei områda det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i del 2, og knytte desse til mogelege forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta vekk prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte II med kontrollutvalet.

2.1.2 Analysedokument for selskapskontroll

- Del 1: Innleiing
I denne delen vil vi beskrive arbeidet med plan for selskapskontroll, og utarbeidinga av ein overordna analyse med risiko- og vesentlegvurderingar. Vi vil også beskrive kva metodar som er brukte.

⁴ For ein nærare presentasjon av overordna analyse, sjå *Kontrollutvalsboka* (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengelig på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

- **Del 2: Risikoanalyse**
I denne delen vil vi gjere ein samla analyse av data slik at det er mogleg å peike ut kva eigarskap det er knytt risiko til.
- **Del 3: Identifiserte behov for selskapskontroll**
I den siste delen vil vi oppsummere dei eigarskapa som det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i del 2, og knytte desse til mogelege selskapskontrollar. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta vekk prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte II med kontrollutvalet.

2.2 Metodisk tilnærming og involvering av sentrale aktørar

2.2.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tar utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Desse vil samla gi eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, og vil gi eit viktig bidrag til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

2.2.2 Statistikk

Offentlig statistikk er i første rekkje henta frå KOSTRA, og viser tal frå alle tenesteområda som blir gjennomgått i analysen. I analysen vil vi gjere ei samanlikning av kommunen sine tal opp mot tal frå kommunegruppe, noko som gjev eit godt grunnlag for å finne indikasjonar på avvik eller forbetningsområde.

2.2.3 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte nyttar RAVN Bedriftsinfo for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og selskapsstruktur. Denne informasjonen vil nyttast for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattas av den overordna analysen, samt å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.

2.2.4 Intervju

Vi vil gjere intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi ønskjer å intervjuje rådmann, samt sentrale leiarar (3-4 personar). I tillegg vil vi intervjuje ordførar og eit utval av gruppeleiarar/utvalsleiarar (3-4). Intervjua vil i hovudsak bli gjennomført på telefon for å sikre ei effektiv gjennomføring.


2.2.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og representantar for dei tilsette i kommunen blir involvert i risikoanalysane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingssystem). I spørjeundersøkinga blir desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for, samt risikoområde knytt til selskap kommunen eig.

2.2.6 Prosessmøte I med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde, basert på eigen erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet. I denne prosessen vil vi ta i bruk eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

I byrjinga av møtet vil revisjonen orientere om kva data som er samla inn så langt og ev. om det peiker seg ut nokre område som det kan vere knytt risiko til basert på undersøkingane som er gjennomførte.



2.2.7 Prosessmøte II med kontrollutvalet

Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til planen for forvaltningsrevisjon. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presenterte med ei risikovurdering. Inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte I. På bakgrunn av denne risikoanalysen vil det i del 4 gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøte skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, samt kva selskap ein skap prioritere å gjere selskapskontroll i.

3 Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Når den overordna analysen er gjennomført og kontrollutvalet har prioritert prosjekta i prosessmøte II, vil Deloitte utarbeide eit utkast til plan for forvaltningsrevisjon som omfattar:

- beskriving av forvaltningsrevisjon
- beskriving av den overordna analysen
- liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel, tema og problemstillingar
- liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel og tema
- retningslinjer for bestilling av prosjekter, rapportering og endringar i planen

Plan for selskapskontroll vil indikere kva kontrollar som skal gjennomførast i perioden planen gjeld for. Dette kan omfatte prosjekt knytt til kommunen sin eigarstyring og eigarstrategi, samt kontroll av utvalde selskap som kommunen har eigardelar i. Fleire av selskapa kommunen eig, blir ofte eigd saman med andre kommunar. Dersom kontrollutvalet planlegg å gjennomføre kontroll i eit selskap kommunen eig saman med ein eller fleire andre kommunar, kan det gå fram av planen om kontrollutvalet ønskjer å samordne selskapskontrollen med dei andre eigarane.

Basert på den overordna analysen legg Deloitte opp til å utarbeide eit utkast til plan for selskapskontroll som omfattar:

- beskriving av selskapskontroll
- beskriving av den overordna analysen, inkludert ei liste over eigarskapa til kommunen
- liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel, tema og problemstillingar
- retningslinjer for bestilling av prosjekter, rapportering og endringar i planen

Utforming av utkast til planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil skje i nær dialog med kontrollutvalet.

4 Kompetanse og personell

Særtrekk ved kommunal sektor set krav til revisjonen sin kompetanse og til arbeidsform og tilnærming. Revisor må både ha ei formell uavhengighet og ein fagleg kompetanse som gjev oppdragsgjevar tryggleik i høve til at revisjonen blir utført forsvarleg og på ein god måte.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er ei eigne revisjons- og kontrollformer som mellom anna krev brei kjennskap til dei kommunale tenesteområda og dei ulike utfordringane som ein kommune kan ha i forhold til måloppnåing, regeletterleving, oppfølging av vedtak m.m. Dette betyr at revisor, i tillegg til revisjonsfagleg kompetanse, også bør ha kunnskap om eit breitt juridisk, økonomisk og samfunnsfagleg fagfelt, og kunne handtere dei utfordringar som ligg i spenningsfeltet mellom kontrollutvalet, politikarane og administrasjonen sine forventningar og prioriteringar.

Det tilbydde oppdragsteamet har brei erfaring frå arbeid med forvaltningsrevisjon og planarbeid, samt samhandling med kontrollutval, andre politiske utval og kommunal administrasjon. Vår arbeidsform baserer seg på at kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen blir involvert i prosessen for å medverke til både breidd og djupn i analysane. Ved å sikre brei involvering vil den endelege planen spele verksemda og dei risikoområda som finst i kommunen.

Oppdragsansvarleg partner for prosjektet vil vere **Stein Ove Songstad**, cand. jur og Master of management. Songstad er ansvarlig for kvalitetssikring og skal sørge for at prosjektet til ei kvar tid er tilstrekkeleg bemanna og følgjer oppsett plan for tidsbruk.

Birte Bjørkelo vil vere prosjektleiar, og vil stå for den daglege styringa av prosjektet. I tillegg vil og **Gunnar Husabø** og **Merete Solheim Larsen** vere aktuelle medarbeidarar på prosjektet. Saman vil dei gjennomføre prosessmøte, datainnsamling og utarbeide overordna analyse og planar



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

Stein Ove er cand. jur. og Master of Management, og vil vere oppdragsansvarleg for tenester innan forvaltningsrevisjon. Stein Ove nyttar tilnærma heile si stilling på oppdrag innan offentleg sektor. Han vil sjå til at oppdrag blir utført effektivt og til rett tid. Gjennom kontakt med oppdragsgjevar vil han syte for at kommunen sitt behov for kompetanse blir dekkja, og at forventningar til service blir oppfylte. Han vil også ha ansvar for planlegging og kvalitetssikring av forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Stein Ove Songstad har tidlegare arbeid i Riksrevisjonen, og har ein omfattande bakgrunn frå forvaltningsrevisjon i stat, fylke og kommunar. Han har utarbeidd faglig standard for forvaltningsrevisjon i kommunal sektor, og er medforfattar av boka "Veileder for forvaltningsrevisjon". Han har hatt hovudansvaret for opplæringa innan planlegging og gjennomføring av forvaltningsrevisjon, og han held jamlege oppfølgingskurs i temaet. Han har vore leiar for Forvaltningsrevisjonskomiteen i NKRF i to periodar. Stein Ove har også vore ansvarleg partner for utarbeiding av ein rettleiar for kontrollutvalsarbeid på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet (Kontrollutvalsboka)



Birte Bjørkelo

Director

Birte er utdanna cand.polit. med hovudfag i administrasjons- og organisasjonsvitskap frå Universitetet i Bergen. Birte har arbeidd med eit doktorgradsarbeid ved same institutt, og har brei erfaring med både kvalitative og kvantitative samfunnsvitskaplege metodar. Ho har god kjennskap til offentleg forvaltning og kommunal eigenkontroll.

Birte er tenesteleiar for arbeidet med forvaltningsrevisjon i Deloitte i Noreg, og har mellom anna vore prosjektleiar for utarbeiding av ein rettleiar for kontrollutvalsarbeid på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet (Kontrollutvalsboka) og for Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat. Ho har vidare vore ansvarleg for ei rekkje forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontrollar, og for utgreiingar og evalueringar knytt til kommunal eigenkontroll. Birte har også vore ansvarleg for utarbeiding av overordna analyse i samband med plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i fleire kommunar.



Gunnar Husabø

Senior Manager

Gunnar er M.Sc. i statsvitskap frå NTNU. Gunnar har arbeidd i Deloitte sidan 2007, og har sidan den gongen vore prosjektleiar for ei rekkje forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar, og for gjennomføringa av overordna analyse i samband med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. Gunnar hadde ei sentral rolle ved utarbeiding av rettleiar for kontrollutvalsarbeid på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet (Kontrollutvalsboka).

Han har brei erfaring med bruk av både kvalitative og kvantitative metodar, med fokus på prosess- og effektevalueringar. Tidlegare har Gunnar vore forskingsassistent ved NTNU Samfunnsforskning, og har arbeidd som førelesar og sensor ved NTNU og Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Merete Solheim Larsen

Senior konsulent

Merete er siviløkonom frå NHH med spesialisering i strategi og leiing. Ho har også tatt personalpsykologi på Universitet i Bergen. Merete har arbeidd i Deloitte sidan mars 2014.

Merete har gjennom utdanning og arbeidserfaring kunnskap om og erfaring med å bruke både kvalitative og kvantitative metoder. Det inkluderer utarbeiding, gjennomføring og analyse av spørjeundersøkingar, intervju og dokumentgjennomgangar. I tillegg har hun erfaring med å skrive rapporter.


I Deloitte arbeider Merete primært med antikorrupsjonsprosjekter, internkontroll, selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Ho har vore fungerande prosjektleiar for fleire ulike selskapskontrollprosjekt.

5 Pris og tidsbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin art og den planen som er lagt for gjennomføring, er det stipulert at det vil ta 130 timar å gjennomføre prosjektet. Prosjektet vil bli gjennomført til timepris som er avtalt mellom kommunen og Deloitte. Alle kostnader til reise, administrative utgifter, trykking etc. er inkludert i prisen.

Prosjektet vil gjennomførast første halvår 2016, slik at forslag til plan kan leggjast fram for kommunestyret etter sommaren. Timebudsjett går fram av eige vedlegg.

Bergen, 15.1.2016



Stein Ove Songstad, oppdragsansvarlig partner

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2015/65-5
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	8/16	23.02.2016

Overordna analyse og plan for selskapskontroll - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming

Bakgrunn

I tråd med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet utarbeide plan for selskapskontroll det første året i valgperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må sørge for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden 2016 – 2020
- å gjennomføre ein overordna analyse av kommunen sin eigarskap ut frå risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisera behovet for selskapskontroll på dei ulike sektorane og med dei ulike selskapa.
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for selskapskontroll 2012 – 2016 gjelde

På møte i kontrollutvalet 30.11.15 vart det gjort slikt vedtak:

1. «Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16, lage eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Samnanger kommune skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.»

Forslag til prosjektplan er motteke frå Deloitte 15.01.16. Det er laga ein felles prosjektplan for arbeidet med forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll. Planen ligg som vedlegg til forrige sak (om plan for forvaltningsrevisjon). Deloitte har og utarbeida ein framdriftsplan med detaljert timebudsjett, som vedlegg til prosjektplan. Opplysningar i vedlegget inneheld informasjon som vil vera unnateke offentleggjering iflg.

Forvaltningslova § 13. Vedlegget vil såleis ikkje verta sendt ut saman med saka, men vil bli kopiert opp, delt ut i møte og gjennomgått.

Drøfting

Det vert lagt opp til at prosjektplanen vert gjennomgått og drøfta i møtet. Vidare må kontrollutvalet uttala seg til korleis prosessen med å utarbeida plan for selskapskontroll skal gjennomførast. Merk; at prosjektplanen som er lagt fram er tilbod frå Deloitte om utarbeiding av analysar og planar for både forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Ved å samkjøra arbeidet med desse to planane kan ein spare tid og ressursar ved å ha felles intervjurundar, prosessmøte og liknande.

I prosjektplanen vert det skildra kva utarbeiding av plan for selskapskontroll vil omfatta. Prosessen med gjennomføring, kva metodar revisor vil bruke og korleis ein kan få til ei brei deltaking og involvering vert og skildra. Det vert og gjort greie for formål og krav til korleis overordna analyse skal utarbeidast. Basert på den overordna analysen legg Deloitte opp til å utarbeida eit utkast til plan for selskapskontroll.

I vedlegget til prosjektplanen vert framdriftsplan skissert:

«Overordna analyse vil kunne gjennomførast våren 2016. Kontrollutvalet vil då kunne behandle ny plan etter sommaren. Vår tilnærming, som legg opp til ein tett dialog med kontrollutvalet, føreset at kontrollutvalet set av tid til å gjennomføre to prosessmøte, der det vert gjennomført kartlegging av risikofylte område (prosessmøte 1) og prioritering av prosjekt (prosessmøte 2). Nærare fastsetting av tidsfristar vil setjast i samråd med kontrollutvalet.»

Med bakgrunn i forslag til prosjektplan som ligg føre må kontrollutvalet drøfta omfang og gjennomføring av prosessen med overordna analyse og plan for selskapskontroll.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet sluttar seg til forslag til korleis prosess med utarbeiding av overordna analyse og plan for selskapskontroll skal gjennomførast. Sekretariatet rår og til at ramme som er sett for arbeidet vert godkjent.

Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for selskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg prosjektplan – sjå vedlegg i sak «Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon».



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 085
Arkivnr: 2014/426-9
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	9/16	23.02.2016

Forslag til kurs i regi av Deloitte

Bakgrunn

I revisjonsavtalen med Deloitte er det lagt inn at revisor skal tilby å gjennomføra kurs i aktuelle tema. I kravsspesifikasjonen finn ein følgjande:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einkilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år.»

I tilbudet frå Deloitte står det m.a.:

«Deloitte gjennomfører årleg ei rekkje kurs innanfor eit breitt spekter av faglege tema. Desse kursa vil personar frå kommunen vederlagsfritt kunne delta på. Vi tilbyr dessutan å arrangere skreddersydde kurs innanfor økonomi- og regnskapsfeltet og andre faglige tema som kan vera av interesse for kommunen. Slike kurs kan eksempelvis omfatte nyhende innan avgift og rekneskap, eller aktuelle problemstillingar innan helse- og sosialområdet, effektivisering, interkommunalt samarbeid, verktøy og metodar.

Deloitte kan utover dette også halde andre kurs for kontrollutvalet eller kommunen innan ei rekkje tema.»

Drøfting

Deloitte har no levert forslag til aktuelle kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Samnanger kommune. Oversikten ligg ved. I oversikten går det fram at dei kan tilby kurs innan:

- Samfunnsansvar og korrupsjon
- Lov om offentlege anskaffingar
- Merverdiavgift og merverdiavgiftskompensasjon
- Habilitet
- Kontrakts- og leverandørppfølging
- Offentlighetsloven
- Ny kommunelov, når den ligg føre
- Bestilling av forvaltningsrevisjon

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Korleis følgje opp forvaltningsrevisjonar på ein god måte?
- Kontrollutvalsboka, aktuelle tema
- Innføring i kommunerekneskap
- Avstemming av rekneskapen
- Pensjon
- Innberetning av lønn
- Skiljet mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap
- Periodisering ved årslutt
- Andre rekneskapsmessige problemstillingar

Om det er andre tema kontrollutvalet ønskjer å ha kurs innan kan dette diskuterast med Deloitte. Skal ein spørja om kommuneadministrasjonen ønskjer å nytta noko av denne kurskvoten, i tillegg til at dei blir invitert med på dei kursa kontrollutvalet arrangerar? Lengda på kursa kan nok tilpassast, men det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varighet på 2 timar. Kontrollutvalet må og drøfte om kurs / kursa skal haldast i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre. Vil og tilrå at det berre vert planlagt for vårhalvåret, sidan ein ikkje veit kva firma som er revisor frå og med 01.07.16. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan, tid:
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Oversikt over kurstilbod frå Deloitte

Hvilke kurs kan Deloitte tilby?

Listen over kurs er ikke uttømmende.

Nivået på hvert enkelt kurs kan tilpasses kursdeltakerne.



Oversikt over hvilke kurs Deloitte kan tilby kommunene

- Samfunnsansvar og antikorrupsjon
 - Gi en innføring i relevante lover, krav og konsekvenser. Gi praktiske eksempler og underbygge betydningen av en et tilstrekkelig antikorrupsjonsprogram.
- Lov om offentlige anskaffelser
- Merverdiavgift og merverdiavgiftskompensasjon
 - Innføring i kompensasjonsordningen
 - Praktiske eksempler
- Habilitet
 - Kurset vil gi en innføring i regelverk knytte til habilitet, hvordan disse vurderingene kan gjøres og hvordan fylkeskommunen kan etablere gode rutiner for å sikre at ansatte ikke behandler saker hvor de er inhabile.
- Kontrakts- og leverandøroppfølging
 - Kurset gir en innføring i hvordan en kan etablere gode system og rutiner for å følge opp at leverandører leverer tjenester i samsvar med avtale. Fokus vil være på ivaretagelse av oppdragsgivers omdømme, samfunnsansvar, kvalitet i leveransene og oppfølging av kontrakt.

Oversikt over hvilke kurs Deloitte kan tilby kommunene

- Offentlighetsloven
- Ny kommunelov (ikke aktuelt før ny kommunelov foreligger)
 - Hva er de viktigste endringene fra tidligere lov?
- Bestilling av forvaltningsrevisjon
 - Hvordan foreta en god bestilling?
 - Praktiske eksempler
- Hvordan følge opp forvaltningsrevisjoner på en god måte?
- Kontrollutvalgsboka
 - Hvilke områder er det viktig at kontrollutvalget er oppmerksom på?
 - Hvilke fallgruver foreligger?

Oversikt over hvilke kurs Deloitte kan tilby kommunene

- Innføring i kommuneregnskap
 - Grunnleggende innføring i kommuneregnskap
- Avstemming av regnskapet
 - Hva bør en avstemming inneholde?
 - Hvor ofte bør avstemminger utarbeides?
 - Hvilke avstemminger skal utarbeides?
 - Hvilket regelverk gjelder på området?
- Pensjon
 - Pensjon er et komplisert område. Kurset omhandler gjeldende regelverk på området og praktiske eksempler.
- Innberetning av lønn
 - Hvilke ytelser er arbeidsgiveravgiftspliktige og hvilke er oppgavepliktige?
- Skillet mellom driftsregnskap og investeringsregnskap
 - Hva skal bokføres i driftsregnskapet?
 - Hvilke kriterier skal være oppfylt for bokføring i investeringsregnskapet?

Oversikt over hvilke kurs Deloitte kan tilby kommunene

- Periodiseringer ved årsslutt
 - Hva skal periodiseres i regnskapet ved årsslutt?
- Andre regnskapsmessige problemstillinger
 - Tilpasset den enkelte kommune



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

This communication contains general information only, and neither Deloitte AS nor Deloitte Advokatfirma AS is, by means of this publication, rendering professional advice or services and shall not be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2016/46-1
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	10/16	23.02.2016

Kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune

Bakgrunn

I kontrollutvalet sitt møte 25.11.2015 i PS 36/15 punkt g. vart dette vedteke:

«Kontrollutvalet vil at det vert førebudd sak om korleis kontrollutvalet kan synleggjerast betre på heimesida til kommunen.»

Drøfting

Utvalet bør tenkja gjennom og diskutera korleis dei vil at innhaldet på kommunen si nettsida i høve kontrollutvalet skal vera, for å verta meir synlege.

Som dømer på informative og bra nettsider i høve kontrollutval, kan utvalet sjå på Voss-, Fitjar og Øygarden kommune sine sider. Link til desse kommunane sine nettsider:

Voss kommune:

<http://www.voss.kommune.no/politisk/kontrollutvalet/>

Fitjar kommune:

<http://www.fitjar.kommune.no/politikk/folkevalde/kontrollutvalet/>

Øygarden kommune:

<https://www.oygarden.kommune.no/kontrollutvalet/>

Som forslag til kva informasjon som bør vera lagt inn på nettsida i høve kontrollutvalet:

- Faste medlemmer og vara i kontrollutvalet (kven sit i kommunestyret)
- Aktuell lovtekst (til dømes Kommunelova § 77)
- Kva oppgåver kontrollutvalet har
- Møteinnkalling
- Møteprotokollar
- Forvaltningsrevisjonsrapportar
- Selskapskontrollar

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Kontrollutvalet sine årsmeldingar
- Informasjon om revisjonen
- Informasjon om sekretariatet (lenkje til sekretariatet på HFK si nettsida)
- Eksterne lenkar (kontrollutvalshandboka, mm. Sjå til dømes Voss kom.)
- Andre forslag...?

Konklusjon:

Utvalet må ta stilling til kva dei meiner bør/skal vera lagt ut på kommunen si nettsida i høve kontrollutvalet, for at utvalet skal verta meir synlege. Deretter skal sekretariatet formidla denne bestillinga vidare til nettansvarleg i kommunen.

Forslag til innstilling/vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151
Arkivnr: 2016/37-4
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	11/16	23.02.2016

Vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2016 for Samnanger kommune - Konsekvensar

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok budsjett for 2016 i sitt møte 17.12.15. På førespurnad om kommunestyret sitt vedtak vedr. budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016, har sekretariatet fått følgjande opplysningar frå økonomisjef:

«Budsjettet for 2016 vart vedtatt i sak 65/15 (sjå Samnanger kommune si heimeside / folkevaldportal). Kommunestyret vart i møtet informert om at budsjettet til kontrollutvalet er kr 49.100 for lågt i Formannskapet sitt framlegg (og rådmannen sitt). Det kom ikkje framlegg om å auka budsjettet.»

I kontrollutvalet sitt forslag til budsjett 2016 var det føreslått ei ramme på kr. 822.376,-. Ramme som nå er vedteke er på kr. 509.959. Det er og sett opp eit budsjett for kontrollutvalet sitt område som er detaljert på dei ulike postane, og ein del av desse postane er kraftig redusert, eller sett til kr. 0,-. Kontrollutvalet bad om auka ramme for 2016 grunna:

- Lovpålagt analyse- og planarbeid, både for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll, første året i ny valperiode.
- Oppretthalda vanleg standard med minst ein årleg forvaltningsrevisjon (lovpålagt) og ein aktivitet innan selskapskontroll kvart år.
- Folkevaldopplæring i starten av ny valperiode.
- Konkurransetsetting av revisjonstenester, ettersom gjeldande avtale går ut 30.06.2016.

Sekretariatet har utarbeida ein oversikt over budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid som viser korleis postar er oppsett som forslag frå kontrollutvalet, samanlikna med vedteke budsjett for 2016. Ut frå dette må kontrollutvalet drøfta konsekvensane for kontrollutvalet sitt arbeid når det gjeld oppgåver som skal løysast i 2016.

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Oversyn over vedteke budsjett for kontroll og tilsyn for 2016, samanlikna med kontrollutvalet sitt forslag.

Budsjett for KUV i Samnanger kommune for 2016, vedteke budsjett samanlikna med forslag frå kontrollutvalet

Konto	Tekst	Vedteke budsjett fordelt på postar av administrasjon / formannskap	Forslag til budsjett frå kontrollutvalet	Merknad
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 000	kr 10 000	
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 28 000	kr 27 625	Leiar kr. 14.625,- og medl. kr. 650,- pr.møte
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 200	
	Delsum	kr 28 000	kr 28 825	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 5 358	kr 4 064	
	Delsum	kr 33 358	kr 32 889	
11001	Faglitteratur / abonnement	kr 500	kr 1 500	Abonnement til kontrollutvaldsmedlemmane
11150	Matvarer/møtemat	kr 1 500	kr 1 500	
11400	Kunngjeringar	kr -	kr 500	
11501	Kurs/opplæring	kr 15 000	kr 10 000	Fagkonferansar
11501	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr 20 000	Folkevaldopplæring
11600	Skyss- og kostgodtgjering	kr 5 000	kr 5 000	Reise ifm. Konferansar / folkevaldopplær.
11950	Kontingentar	kr 1 300	kr 1 400	Forum for Kontroll og Tilsyn
12700	Kons.tenester revisjon rekneskap	kr 170 100	kr 175 821	Berekna ut frå gjeldande avtale + kons.auke
12700	Kons.tenester revisjon forv.rev./s.ktr.	kr 170 201	kr 310 545	Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
12700	Planarbeid 2016	kr -	kr 144 921	Denne posten er ekstra for 2016
13300	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 103 000	kr 118 300	Berekna ut frå gjeldande avtale + kons.auke
13300	Sekretariatstenester kjøp revisjon	kr -	kr 33 800	Arbeid m/ konkurranseutsetting revisjon
	Delsum	kr 509 959	kr 789 487	
14290	Meirverdiavgift	kr 128 400	kr 192 467	
17290	Moms-kompensasjon	kr -128 400	kr -192 467	
	Total budsjetttramme	kr 509 959	kr 822 376	



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2016/14-5
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	12/16	23.02.2016

Møteplan for kontrollutvalet i 2016

Bakgrunn

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som ev. skal vidare til formannskapet og kommunestyret. Deler av møteplanen for Samnanger kommune for 2016 er lagt inn i tabellen nedanfor.

Det er særleg møtet der uttale til kommunen sin rekneskap for 2015 skal opp til handsaming, som er viktig å tilpassa til formannskap og kommunestyre. Samnanger kommune legg opp til å handsame rekneskap og årsmelding i formannskapet 28.04.16, og vidare til kommunestyret 12.05.16. For mellom anna å tilpasse seg denne saka, vert det sett opp slikt utkast til møteplan for kontrollutvalet for 2016:

Utkast til møteplan for kontrollutvalet:	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
23.02.2016	Prosjektplan for utarb. av planar Arbeidsmøte konkurranseutsetting revisjon		03.03.2016
20.04.2016	Prosessmøte 1 – planar Uttale til kommunerekneskapen Innstilling KST om val av revisor	28.04.2016 02.06.2016	12.05.2016
14.06.2016	Prosessmøte 2 - planar		16.06.2016
14.09.2016	Budsjett 2016 for KUV Endelege planar		29.09.2016
15.11.2016			17.11.2016 og 15.12.2016

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2016:

Dato:	Merknad:
23.02.2016	Under avvikling
20.04.2016	
14.06.2016	
14.09.2016	
15.11.2016	

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 13/16 Referatsaker

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap	Budsjett 2015
12700	Konsulenttenester	1200	1100	Revisjon	90 000	170 700
14290	Betalt mva - komkompensasjon	1200	1100	Revisjon	28 500	38 760
15000	Renteutgifter	1200	1100	Revisjon	88	0
17290	Momsrefusjon drift	1200	1100	Revisjon	-28 500	-38 760
			1100	Revisjon	90 088	170 700
10802	Tapt arbeidsforteneste	1200	1101	Kontrollutval	0	5 000
10803	Møtegodtgjøring	1200	1101	Kontrollutval	27 350	33 000
10990	Arbeidsgevaravgift	1200	1101	Kontrollutval	3 856	5 358
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	1200	1101	Kontrollutval	400	500
11150	Matvarer	1200	1101	Kontrollutval	1 536	1 500
11400	Kunngjøringar	1200	1101	Kontrollutval	325	0
11501	Kurs/ opplæring	1200	1101	Kontrollutval	0	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjøring	1200	1101	Kontrollutval	0	5 000
11950	Kontingentar	1200	1101	Kontrollutval	1 300	1 300
12700	Konsulenttenester	1200	1101	Kontrollutval	217 643	170 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	1200	1101	Kontrollutval	130 481	103 000
14290	Betalt mva - komkompensasjon	1200	1101	Kontrollutval	82 781	89 640
17290	Momsrefusjon drift	1200	1101	Kontrollutval	-82 781	-89 640
			1101	Kontrollutval	382 891	339 859
	Sum totalt				472 979	510 559

Budsjett 2016
170 100
38 760
-38 760
170 100
10 000
28 000
5 358
500
1 500
15 000
5 000
1 300
170 201
103 000
89 640
-89 640
339 859
509 959

redusert sum pga intern
fordeling av revisjon

Revisjon 2015 : delvis fakturert

Kontrollutvalet i Samnanger kommune
V/ Kari Marie Nygård

SAK 2015/39- Klage, Anke på vedtak kontrollutvalsmøte 26.11.2015

Underteikna påklaga vedtak i kontrollutvalet av 26.11.15 i sak 2015/36.
Grunn for påklaging er feil og manglande undersøking i sak. Det eg meiner med dette, er fyljande.

I tidlegare skriv har ei opplyst om ein anonym person som har komme med diverse uttalingar. Han gav seg til kjenne via ein advokat som kunne stadfesta opplysningar. Dette er ikkje blitt skjekka opp.

Underteikna har skrive i tidlegare brev om trykkmåling utført av ein kommunalt tilsett. Resultat av målingar, samt truleg grunn for lite vatn har ikkje blitt skjekka opp. Denne kommunalt tilsette er heller ikkje blitt kontakta.

Som det tidlegare er blitt skrive frå dykk, er ikkje det grunnarbeidstekniske ved mur (før den rasa ut) blitt vurdert.

Kontrollutvalet legg til grunn ein rapport som er utarbeida av firmaet Deolitte. Denne rapporten er laga i tett samarbeid med dåverande konstituert leiar ved Teknisk Eining i Samanger kommune. Denne rapporten inneheld etter mi meining mange feilar.

Det blir også retta spørsmål om tidlegare varaordførar Gåsdal kan vera ugild i sak, jamf Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker § 6.

Kontrollutvalet i ein kommune skal i henhold til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, føra løypande tilsyn med forvaltninga i kommunen. Dette er blitt meg opplyst at også gjeld måten innbyggjarane i kommunen vert behandla.

Eg visar til ovanfor nemde forskrift § 5, og rettar hermed KRAV om at kontrollutvalet startar uavhengig gransking i denne saka.

Slik gransking som eg ber om, stått kontrollutvalet fritt til å setta i gong. Etter anbefaling kjem eg då til å opplysa namn på den anonyme personen slik at gransking kan få denne i tale

Med helisng

Jan Ove Haga

Kari Marie Nygard

Fra: Kari Marie Nygard
Sendt: 10. desember 2015 13:00
Til: 'Jan Ove Haga'
Kopi: Knut.Harald.Froland@samnanger.kommune.no;
brigt.olav.gasdal@folkevald.samnanger.no; Hogne Haktorson
Emne: SV: Kontrollutvalet Samnanger - klage - anke i sak 41-15.
AttachmentCollectionEntryId: [C:\Users\karnyga\AppData\Local\Microsoft\Windows\Temporary Internet Files\Content.Outlook\OY03AO8X\~WRD000 (2).jpg

Hei,
Viser til dykkar e-post av 03.12.15 – klage / anke på vedtak kontrollutvalsmøte 26.11.2015.
Dette gjeld kontrollutvalet si sak PS-2015/41 – Klage på sakshandsaming i Samnanger kommune – ny handsaming.

Vedtak i saka var samrøystes, og lydde slik:

Vedtak:

1. Kontrollutvalet har gjennomgått saka på nytt og finn at dette ikkje er ei sak kontrollutvalet vil prioritera å gjera meir med.
2. Kontrollutvalet seier seg med dette ferdig med saka.

I samråd med kontrollutvalsleiar kan me opplysa om dette:

Kontrollutvalet sitt vedtak er ikkje å sjå på som eit «enkeltvedtak». Følgjeleg er det heller ikkje klagerett i høve forvaltningslova. Vedtak i nemnte sak, pkt. 2, lyder: «kontrollutvalet seier seg med dette ferdig med saka». På denne bakgrunn vil det ikkje bli førebudd ny sak til neste møte i kontrollutvalet.

Med helsing

Kari Nygard
Seniorrydgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Tlf: 55 23 94 06 | Mob: 916 64 183
www.hordaland.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngående og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.

Fra: Jan Ove Haga [<mailto:jaov-h@online.no>]
Sendt: 3. desember 2015 14:42
Til: Kari Marie Nygard
Kopi: Knut.Harald.Froland@samnanger.kommune.no
Emne: Kontrollutvalet Samnanger

Hei

Oversender klage –anke i sak 2015/39.

Gløymte vedlegg i førre e-post

Mvh

Jan Ove Haga



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Karen Elin Bakke, 55 57 21 26
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato
12.01.2016
Deres dato
16.12.2015

Vår referanse
2015/10825 423.1
Deres referanse

Jan Ove Haga

Samnanger kommune - rasfarleg mur ved kommunale vassleidningar og mangelfull handtering av kommunal kloakk m.m.

Vi viser til dine tidligere henvendelser på e-post. Du har bl.a. tatt opp forholdet til en rasfarlig mur, som nå er rast ut.

Fylkesmannen viser til at det er kommunen som er tilsyns- og kontrollmyndighet etter plan- og bygningsloven. I Ot.prp. nr. 45 (2007-2008 s. 352) er dette begrunnet med at: *«Det er kommunene som forventes å ha et apparat for tilsyn og annen oppfølging av byggesak. Statlige myndigheter har fortsatt anledning til å følge opp ulovligheter ved å gi pålegg med videre, jf. §§ 32-3 til 32-10. Dette bør imidlertid bare skje i spesielle tilfeller, for eksempel hvis de lokale plan- og bygningsmyndighetene ikke selv følger opp et ulovlig forhold etter klageorganets omgjøring av en uhjemlet tillatelse.»*

Fylkesmannen kan ikke se at dette er et slikt tilfelle der vi som statlig myndighet skal gå inn og følge opp saken videre. Du må derfor henvende deg til Samnanger kommune som rette instans for videre oppfølging av saken etter plan- og bygningslovens regler.

Fylkesmannen finn heller ikke grunn til å se nærmere på kontrollutvalgets avgjørelse i møte den 26.11.2015 om ikke å ville gå videre med denne saken. Vi viser til at kontrollutvalget er kommunestyrets organ for kommunens egenkontroll. De bestemmer derfor i stor grad selv hvilke saker de ønsker å se nærmere på. Det er bare kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalget oppgaver. Dette innebærer at ingen har rettslig krav på at kontrollutvalget går videre med en bestemt sak. Kontrollutvalgets avgjørelse om ikke å ville gå videre med en sak vil derfor ikke være et «enkeltvedtak» etter definisjonen i forvaltningsloven (fvl.) § 2 første ledd bokstav b. Avgjørelsen kan derfor ikke påklages etter forvaltningsloven sine klageregler, jfr. fvl. § 28.

Vi viser ellers til vårt brev til deg av 01.10.2015 hva gjelder kommunens oppfølging/behandling av risiko og beredskap, samt håndtering av kloakk på Indre Tysse.

Vi anser nå saken som avsluttet fra vår side.

Med hilsen

Laila Pedersen Kaland, e.f.
seniorrådgiver

Karen Elin Bakke
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.

Kopi til:

Samnanger kommune Tyssevegen 217 5650 Tysse



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/133-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	14/16	23.02.2016

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 17.12.15
- Formannskapet 03.12.15 og 18.02.16
- Naturutvalet 24.11.15 og 09.02.16

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 15/16 Eventuelt



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601
Arkivnr: 2014/238-14
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	16/16	23.02.2016

Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Arbeidsmøte

Bakgrunn

Kontrollutvalet handsama denne saka i møte 16.09.2015 og følgjande står i møteprotokollen:

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 16.09.2015

Handsaming i møtet:

Konkurransesgrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Møtet vart lukka under handsaming av saka, med heimel i kommunelova § 31.3, jf. offl. § 14.

Dokumenta vart delt ut på rødt papir og gjennomgått i møtet og samla inn att etterpå. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i dokumenta. Sekretariatet svarte på spørsmål frå utvalet. Det kom ikkje fram forslag om endringar til konkurransegrunnlaget.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Framlagt konkurransegrunnlag vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget, før det vert sendt ut.

Anbudsfristen gjekk ut 11.01.2016 kl. 12.00. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne anboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. Tanken er at vårt forslag til evaluering skal presenterast for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av denne presentasjonen bør utvalet i møtet gjera si eiga vurdering av anboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag fram mot at innstillinga til kommunestyret skal hansamast i neste møte i kontrollutvalet.

Forslag til vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.